

«Økumenisk misjonsperspektiv»

The Ecumenical Decade - 1988-1998 - Churches in Solidarity with Women - utviklingsliner og nasjonale nedslag

GUNVOR LANDE

Denne artikkelen tek opp eit tema som spenner vidt og er representativt for kvinner og misjon innan den økumeniske rørsla. Artikkelen framstiller ei utviklingsline i ein historisk prosess og ser på nedslag av det økumeniske tiåret i nasjonale kyrkjer, og nyttar framvoksteren av leiarutvikling for kvinner i Den norske kyrkja som døme. Eg er serleg oppteken av prosessen som uttrykk for eit menneskesyn som legg vekt på likeverd mellom kvinne og mann.

Tiåret - bakgrunn og visjon

Den frigjeringsbølga som sveipte over verda etter tidarskiftet 1968 nådde også inn i kyrkjer og økumeniske rørsler. Frigjeringsstankane bar i seg ei tru på likeverd i rase-, klasse- og kjønsspørsmål, og skapte opprør mot maktovergrep og underordning. I kyrkja fekk dette likeverdige menneskesynet ei teologisk motivering, noko serleg

feministteologien arbeidde fram.¹

I Kyrkjeverdsrådet var spørsmålet om kvinners likeverd og likestilling i kyrkja med frå den første tid. Arbeidet auka på utover på 70-talet og vart til serleg inspirasjon rundt om i kyrkjene då Kyrkjeverdsrådet 1988 vedtok å utfordre til *eit tiår for kyrkjer i solidaritet med kvinner*, med den engelske tittelen *The Ecumenical Decade - 1988-1998 - Churches in Solidarity with Women*. Dels vart medlemskyrkjene oppfordra til å vurdere eigen teologi og praksis og gjera endringar som gav kvinner likeverd og likestilling, dels vart kvinnene oppfordra til å dyktiggjera seg for nye oppgåver.² Tiltaka skulle bygge på eigne situasjonsanalyser i kyrkjene, men KV kom også med forslag til satsingsområde. Desse utkrystalliserte seg etter kvart til å bli følgjande fire: *women's full participation in the life of the church*, *violence against women*, *economic justice* og *racism and xenophobia*. Då halve tida var gått fekk 330 kyrkjer, 68 kyrkjeorganisasjonar og 650 kvinnegrupper vitjing frå Kyrkjeverdsrådet.³ Det viser kor vidt tiåret nådde. I samband med generalforsamlinga i Harare 1998 vart avslutninga av tiåret markert.

Den norske kyrkja står i ei særstilling med sin raske respons, si grundige drøfting og sine prioriterte tiltak der *Leiarutvikling for kvinner* fekk første plassen.⁴ Dette norske prosjektet går rett inn i KV's prioriterte satsingsområde: *women's full participation* og viser at Den norske kyrkja ynskte å synleggjera visjonen frå KV om eit likeverdig, teologisk motivert menneskesyn. Den norske kyrkja slutta seg til frå byrjinga av, i Kyrkjemøtet 1988, og prioriteringane i framdriftsplanen vart vedtekne i 1990. Seinare har tiåret vore til drøfting og evaluering fleire gonger.

Kampen om menneskesynet viste seg å bli ein hard kamp rundt om i kyrkjene, så hard at mange heller glei over på dei andre satsingsområda, rasisme og framandfrykt, vald mot kvinner og økonomisk frigjering, der det var råd å få gjort noko utan å gå til frontalangrep på eit ulikeverdig menneskesyn. På alle desse områda må det til eit likeverdig menneskesyn for å få til grunnleggjande endring, men når det gjeld *women's full participation* blir det straks synleg om menneskesynet er likeverdig eller ikkje.

Arbeid med tiåret - etter strukturmodell eller aktivistmodell?

Korleis gjekk det så i tiåret, makta visjonen om eit likeverdig menneskesyn å endre teologi og praksis i vår kyrkje og dei mange andre kyrkjene som slutta seg til? Vart det eit tiår for *kyrkjer* i solidaritet med kvinner, eller vart det eit tiår for *kvinner* i solidaritet

med kvinner?

Det viser seg at kyrkjene valde ulike måtar for tilslutning. Nokre gjorde det slik Den norske kyrkja gjorde og knytta arbeidet til vedtak i kyrkjestrukturen, andre arbeidde på eit aktivist-plan, der entusiastar - oftast kvinner - viste stor innsatsvilje. Det blir ein skilnad mellom dei som følgjer ein strukturmodell og dei som følgjer ein aktivistmodell, og eg vil hevde at strukturmodellen legg opp til eit tiår der vedkomamde kyrkje er i solidaritet med kvinner. Arbeid etter aktivistmodellen kan lettare bli eit tiår der kvinner er i solidaritet med kvinner. Men om arbeidet entusiastane driv fører til størst endring og best resultat i det lange løp, eller om det er best å få formelle vedtak på plass først, det er dermed ikkje sagt. Modellval og gjennomslagskraft må dessutan drøftast i relasjon til maktbegrepet. Modellvalet kan og vera kulturavhengig.

I boka *Kvinnelig ledelse - gjennom glasstaket*⁵ hevdar forfattarane eit slikt syn når dei målber at i Noreg er det *formell likestilling* og *uformell ulikestilling* som rår. Det skulle tyde på at også det generelle likestillingsarbeidet i Noreg følgjer ein strukturmodell der formelle vedtak blir prioriterte framfor haldningsskapande arbeid.

Solidaritet med kvinner - eit uttrykk for menneskesynet

Tiåret hadde tema *solidaritet med kvinner*. Dette *solidaritet med kvinner* kan forståast ulikt etter kva for *menneskesyn* ein har. Du kan godt ha ein patriark som viser solidaritet med dei han har ansvar for. Men det blir ein hierarkisk solidaritet der den overordna veit og definerer kva den underordna treng. Ein solidaritet ut frå *eit likeverdige menneskesyn* blir ein annan slags solidaritet. Det følgjande gjev døme på korleis *ei* av kyrkjene, Den norske kyrkja, uttrykker dette. Kyrkjemøtekomiteen 1990 sa det slik:⁶

Vi ynskjer at kyrkja skal bruke dette tiåret til å vekse til ein aktiv og solidarisk medspelar i strevet for kvinnefrigjering og likestilling.

Den som vil vekse må også godta forandring. Det Kyrkjemøtet uttrykker om endring av menneskesynet er :

Det er ei oppgåve for kyrkja som eit fellesskap av kvinner og menn å gjera seg medvetne om verdien av at likeverd og likestilling rår i samfunnet, identifisere hindringar for dette og arbeide for å overvinne dei.

Den norske kyrkja meiner såleis at kyrkja treng eit nytt medvet, eit medvet om eit likeverdig menneskesyn. Dette likeverdige menneskesynet er i same Kyrkjemøtedokumentet⁷ grunngeve *teologisk*: mennesket som mann og kvinne er skapt i Guds bilete, atterløyst i Kristus utan omsyn til kjønn og har del i dåpen og er omslutta av det almenne prestedømet, kven ein så er.

Nokre gonger i historia må det forandring og *fornyng* til for å vera tru mot evangeliet og for å ta vare på evangeliet i ei ny tid. Det veit Den norske kyrkja som reformatorisk kyrkje mykje om. Det likeverdige menneskesynet er ei slik fornyng som kan samanliknast med det Luther gjorde på si tid.

Kyrkjemøtet 1990 vedtok ei lang rekke *tiltak* som skulle bidra til ei slik endring av kyrkja. Tiltaka kan samanfattast i ynsket om *jamnare fordeling* av kvinner og menn over alt i kyrkja og *kvinneperspektiv* på sakene i kyrkja. Av dei konkrete tiltaka fekk *leiarutvikling* høgst prioritet i Noreg. Skulle ein få synleggjort likeverdet, var det her det skorta mest.

Det økumeniske tiåret fekk med desse vedtaka nedslag i Den norske kyrkja, og viser kva det internasjonale tiåret fekk bety i norsk kontekst. Vedtaka i Kyrkjemøtet er intensjonsvedtak, og seier i så måte kva Den norske kyrkja vil og vil arbeide for. Ikkje alle er samde i dei vedtak som der vart fatta, men det er kyrkjas øvste organ som gjorde vedtaka og som her uttrykker det offisielle synet. Det gjev derfor noko «å henge fast i». Etter desse vedtaka står prinsippet om likeverd mellom kvinne og mann i kyrkja fast, og det er dette prinsippet kyrkja vedtok å arbeide for å synleggjera i praksis. Ingen kan etter dette nedslaget frå det økumeniske tiåret seie at Dnk t.d. står for underordning.

Døme på eit tiårs-prosjekt: Leiarutvikling for kvinner i Den norske kyrkja

Den norske kyrkja valde å konkretisere tiåret ved å vedta Leiarutvikling for kvinner som førsteprioritetsprosjekt. På denne måten ville dei forandre og fornye kyrkja, og slik lyder målsetjinga i vedtaksform:⁸

Det er viktig å motivere og skolere kvinner til å ta på seg leiaroppgåver i kyrkja på eigne premissar. I dette arbeidet må det leggast vekt på kvinnespesifikk kompetanse. Arbeidsform og leiarstil i kyrkjelege organ må difor vurderast kritisk.

Desse norske formuleringane viser at den internasjonale inspirasjonen finn atterklang og syner påverknadsstraumar som gjer seg gjeldande innan tiårsarbeidet. For det første ser *humanistisk utviklingspsykologi* ut til å ligge bak. Mennesket skal gjennom motive-ring og skoloring utvikle seg. Det kritiske elementet som er fram-heva tyder dessutan på inspirasjon frå *frigjerings-pedagogikk og -teologi*, som generelt vil analysere samfunn og strukturar for så å kunne endre dei. Dessutan viser målsetjinga at inspirasjonen også er komen frå *ulike fasar innan den generelle kvinnefrigjerings-kampen* frå 70-talet og utover.⁹

Dette norske nedslaget viser såleis noko som er generelt for gjennomføringa av tiåret over heile verda: at forandring og forny-ing berre kan skje i den konkrete situasjonen og at dei metodar ein tar i bruk for å få til endring er knytta til tid og stad. Formulering-ane er også eit godt døme på dei straumdrag som over alt i verda gjorde sin innverknad, men som er avhengige av kultur og kyrkje-geografi .

Eit likeverdig menneskesyn - nedfelt i prosjekt

Korleis skulle ein i Den norske kyrkja ta imot dette vedtaket? Eit nytt *menneskesyn*, der kvinner og menn er jamlike, ein Kyrkjemøte-komite som seier at dei *utfordrar kyrkja til sjølvkritisk å ta stilling til si rolle i kampen for kvinners frigjering og og likestilling...*, det var uvande tonar. Det var ikkje heilt det teologistudiet og kyrkjelivet la opp til fram til 1990.

Likevel, det var ut frå Kyrkjemøte-vedtaket denne *fornyings-visjonen* som leidde kursopplegget i Den norske kyrkja. Derfor vart det etter inspirasjon frå frigjeringssteologien *Women doing theology* med vekt på å oppdage sjølv, derfor vart det *kvinne-perspektiv* på ei elles kjend historie, derfor vart det vekt på *person-leg vekst og utvikling*, og på leiarskap i ein *leadership-tradisjon*, med vekt på det mellom-menneskelege, og ikkje den hardare ma-nagement-tradisjonen. Det skulle legge tilrette for nytenking, for teologisk fornying, og gje grunnlag for «leiaroppgåver på eigne premissar», «på kvinnespesifikk kompetanse», og på å kunne «kritisk vurdere arbeidsform og leiarstil i kyrkjelege organ».

I ettertid ser ein at mange av honnørorda i Kyrkjemøte-vedtaket og i emnevala er henta frå retningar som var populære på 80-talet og ved overgangen til 90-talet. Teoretikarar ser på skiftet i leiarships-teoriar som eit skifte mellom mørke og lys.¹⁰ Når leiarships-teoriane med vekt på medmenneskelege tilhøve rår, rår lyset, når leiarships-

teoriane legg vekt på økonomi, effektivitet og rasjonalisering, rår mørkret. På 80-talet rådde såleis lyset, vekta låg på mellommenneskelege forhold og på vekst og utvikling. Ikkje berre kyrkja hadde slike leiarkurs, det hadde «alle». Med tida har det skifta. No er det dei harde leiarskapsteoriane som rår, leiarkurs er ikkje lenger så på moten, og i alle fall er dei annleis enn på 80-talet.¹¹

Også når det gjeld «eigne premiss» og «kvinnespesifikk» kan ein kjenne att honnørord frå den andre, gynosentriske fasen i generell feministisk utvikling, den som vil få fram at kvinner har noko ser-eige å koma med, og som må vera med for å gjera heilskapen av menneskeleg fellesskap heil, og der det er avgjerande for perspektivet om den som seier eller gjer noko er mann eller kvinne, for det avgjer resultatet. Men både kurset og deltakarane hadde nok og deler av den første periodens feminisme, der mannssamfunnet er idealet, og der *kvinner kan*, om dei berre får høve og muligheter. Etter desse teoriane er det ikkje avgjerande om den som seier eller gjer noko er mann eller kvinne. På ein måte kan det vera lettare å gå på leiarutviklingskurs etter ein slik modell, for der er det nok å lære seg ferdigheter og så setje igang. Det er mykje vanskelegare når det er tale om fornying og forandring, innanfrå.¹²

Døme på eit tilsvarende tiårs-prosjekt i ei anna kulturramme

Den vesle lutherske kyrkja i den katolske omgivnaden i El Salvador er ei av få kyrkjer utanom den norske som har laga leiarutviklingskurs for kvinner for å oppnå *women`s full participation*. Men her er det frigjeringssteologien som gjennomstrøymmer kursopplegget.

I den «katolske» kulturen i Mellom-Amerika opponerer kvinnene mot den kvinnerolle dei meiner kyrkja har konstruert og legg på dei: ei kvinnerolle der dei skal vera som Maria, både møy og mor samstundes. Dei skal ha hender og andlet, men ikkje kropp og seksualitet, ta seg av barnet og leva i oppofring for andre, men ikkje ha noko eige liv. Kvinnene leitar desperat etter andre rollemodellar, og vil ikkje finne seg i at kyrkja har gjort Maria Magdalena til ei «syndarinne». Med feministteologien til hjelp vil leiarkurset i El Salvador nytte dekonstruksjon og rekonstruksjon for å kvitte seg med patriarkatets kvinnerolle, den som patriarkatet treng for å oppretthalde kjønnsrollemønsteret og maktveldet (dekonstruksjon), og vil få fram ei ny kvinnerolle bygd på Jesu samvær med kvinner i Det nye testamentet og den måten han behandlar dei på (rekonstruksjon).¹³

Dette dømet viser korleis spørsmålet om eit likeverdig mennes-

kesyn tek seg ulike uttrykk i ulike kulturar. Både i Noreg og i El Salvador arbeider dei for eit likeverdig menneskesyn, men arbeidsmåten blir ulik. Eit leiarkurs for kvinner i vår kyrkje ville neppe valt denne fokuseringa, til det er behova for ulike. I Den norske kyrkja er utfordringa meir «formell likestilling, men uformell ulikestilling», ikkje kvinnerrollemodellen.

Kyrkjene i Afrika har serleg gått inn for å setje *økonomisk rettferd* på sakskartet.¹⁴ Først når kvinnene blir økonomisk uavhengige av mannen kan likeverdet synleggjerast. Med denne satsinga meiner kyrkjene og/eller kvinnene at dei kan kjempe mot fattigdomen, delta i generelt utviklingsarbeid for helse og utdanning, og vera med og stogge den aukande aids- og prostitusjonsbølga.

Hindringar for eit likeverdig menneskesyn

Glastaket

Dei hindringar som arbeidet for eit likeverdig menneskesyn møter rundt om i kyrkjene er ikkje dei same overalt. Dei kan vera avhengige av både kultur og kyrkjesamfunn. I vår norske kontekst meiner eg hindra i samfunnet også gjeld i kyrkja.

Forfattarane Irmelin Drake og Anne Grethe Solberg med uttrykket formell likestilling og uformell ulikestilling nyttar i boka *Kvinner og ledelse - gjennom glasstaket* biletet av *glasstaket* for å få fram kor vanskeleg det då blir å vera kvinne og leiar.¹⁵ Slik utdjuar dei kva dei meiner med *glasstaket*:

Glasstaket blir brukt til å beskrive en gjennomsliktig barriere, så sterk at den hindrer kvinner i å klatre oppover i lederhierarkiet. Glasstaket utgjøres av usynlige og synlige, bevisste og ubevisste mekanismer i organisasjonen. Glasstaket opprettholdes både av kvinner og av menn. Det kan forklares med organisasjonenes hierarkiske oppbygning og ulike lederstiler forårsaket av kjønnes ulike oppdragelsesmønstre.

Glasstaket opprettholdes av organisatoriske forhold, altså de rådende verdiene og kulturen, og kvinnelige og mannlige ledere, hver med sine individuelle forutsetninger og oppfatninger av hvordan det er riktig å handle.

Det teologiske glasstaket

Også i vår norske kyrkje kan det vera nyttig å kjenne til denne teorien om *glasstaket* og den hindring for kvinneleg leiarskap som

glastaket utgjør. Men eg meiner kyrkja i tillegg har det eg kallar *eit teologisk glastak*.

I vår forkynning blir både kvinner og menn oppfordra til å gje seg heilt og bruke seg heilt i Guds teneste. Spørsmålet lyder: «*Hva skal jeg give(gi til) min Frelser, hva skal jeg gjøre for ham?*» Svaret kjem utan reservasjonar: «*Jesus, meg selv jeg deg bringer, legger meg ned for din fot, at du meg evig skal eie, jeg er jo kjøpt med ditt blod.*» Dette viser glæda ved funnen livsmeining i vår norske tradisjon.

Men denne opplevde glæda står i kontrast til det å skjønne og gripe dei reservasjonar som underforstått ligg i spørsmål og svar. Desse reservasjonane kan gå på ulike sider av menneskesynet, men her fokuserer eg på kjønsspørsmål og kvinnesyn. Reservasjonane blir sjeldan uttrykt i klartekst. Det er meir tale om å kunne fange opp og forstå det som er underforstått. Det gjeld visse reservasjonar, avhengig av kjønn. Du må sjølv forstå at som jente gjeld det andre reglar for di teneste enn for den tenesta gutane kan ha. Har ikkje jentene forstått dette, kan det teologiske glastaket koma som eit sjokk. Kanskje det er serleg merkbart i dag når unge har fått ei likestilt oppfostring til eit visst punkt. Reservasjonen som her blir innført gjev ei rangordning etter kjønn der den som har reservasjonar hefta ved seg blir underordna den som ingen reservasjonar har. Høkjønn blir såleis underordna hankjønn.

På *den eine sida* presenterer forkynnaren i kyrkja ei utfordring for den unge: gje deg heilt!

Som eit heilhjarta svar på den forkynninga svarer den unge: Ja, Herre, her er eg, bruk meg! Når dette svaret blir gjeve utan reservasjonar, kjem kvinna (ikkje mannen) i krysspress. For *på den andre sida* har sterke grupperingar i norsk kristen tradisjon meint at etter Guds ords autoritet kan berre menn bruke seg utan reservasjonar. Det har rett nok vore utlagt slik at det finst ulike oppgåver etter kjønn, men poenget *utan reservasjon* gjeld like fullt. Dette vil altså seie at kallet ikkje stemmer for jenter som vil svare heilhjarta.

Kva gjer ho så? Det finst to muligheter. *Anten* må ho stille spørsmål ved sitt kall, si sjølvoppfatning og sine evner, *eller* den ikkje-forventning ho blir møtt med får henne til å stille spørsmål ved Guds ord som autoritet. Resultatet av den *første* prosessen kan bli ei nedvurdering av seg sjølv eller ein kamp for ikkje å tape seg sjølv. Denne prosessen kan koste dyrt, det kan gå på livet laus. Det er serleg ille at dette råkar unge kvinner så hardt. Resultatet av den *andre* prosessen kan vera at ho tek til å arbeide med oppfatninga

av Guds ords autoritet for å sjå om det går an å koma fram til andre svar på grunnspørsmålet enn det tradisjonen gjev. Denne kampen har til liks med den første kosta, men her har tida vore med i leiten etter nye svar. Når ein er komen så langt at ein kan skilje mellom *Guds ords autoritet* og *oppfatninga* av Guds ords autoritet er ein komen langt.

Det likeverdige menneskesynet - med nye utfordringar

Det økumeniske tiåret sprang ut av Kyrkjeverdsrådet. No er tiåret over. Korleis går det då med arbeidet for likeverdet mellom kvinne og mann? I dag ser det ut til å skje ei endring økumenisk når det gjeld kampen om menneskesynet. Tradisjonelt har det vore slik at ein har retta kampen inn mot deler av menneskesynet og kjempa for rase-, klasse- eller kjønsspørsmål. I vår tid ser det ut til å skje ei nyorientering der ein skjønar at alt heng saman med alt, og at menneskesynet er grunnleggande og samlande for problematikken på ein annan måte enn før.

Dei sakene som tiåret «Kyrkjer i solidaritet for kvinner» har kjempa for, blir no saker for heile kyrkja, men kan dermed tape kvinnerspektivet. No set ein ikkje lenger fokus på vald mot kvinner, men startar i Kyrkjeverdsrådet eit nytt tiår for å kjempe mot vald av alle slag i alle relasjonar. No er det ikkje lenger berre tale om solidaritet med kvinner, men solidaritetstanken blir gjort til ei prøve på om fellesskapen heller enn individuell egoisme skal få rå i kyrkja. I det kontekstuelle perspektivet tiåret hadde, skulle kyrkjene sjølve analysere kvinnenens situasjon i kyrkja og på sin måte arbeide for å løyse eigne problem. Det kontekstuelle perspektivet blir ført vidare, men no blir det gjort i eit alment globaliseringsperspektiv der ein ser at mange, ikkje berre kvinner, får kvardagen sin fragmentert, ulike grupper av menneske blir usynlege og skilnaden mellom rike og fattige aukar. Framleis veit me at kvinner diverre har lettast for å falle ut i denne kampen, men kvinner kan atter bli usynlege.¹⁶

Likevel er det lett å sjå at tiåret har vore til inspirasjon. Gjennom tiåret har kyrkjene i større grad fått likeverdstanden inn på livet. Men denne inspirasjonen har ikkje berre ført til den endring at kvinner har fått ein likeverdig og likestilt plass i kyrkja. Den har like mykje ført til at dei store tankane går vidare i eit generelt arbeid for større likeverd for alle. Likeverdskampen for kvinnene har ført til større medvet om likeverd for alle. Dette er ei forskyving av fokus, men spørsmålet no må bli om det kan koma kvinnene til gode i neste omgang.

Etter tiåret - er likeverdet mellom kvinne og mann nå oppnådd?

Det kan synast som effekten av tiåret ikkje vart så gjennomgripande som vona. Den serlege interessa for kvinnearbeidet tykkjest flyte inn i ei generell interesse for heile mennesket. For å seie det same frå ein annan synsvinkel: i kampen for menneskesynet generelt kan kampen for eit endra kvinnesyn bli borte. Kanskje må tankane om likeverd og likestilling mellom kvinne og mann gå ein ny runde der det generelle menneskesynet må bli meir likeverdig - før kvinner og menn i kyrkja kan nå fullt likeverd i praksis.

Men det som er endra er endra, og det som er vedteke står ved lag. Kvinner som leiarar i kyrkja er i dag mykje meir akseptert enn det var då tiåret byrja både i vår kyrkje og i andre kyrkjer, og det prinsipielle likeverdet mellom kvinne og mann er det fleire som ser i dag og er villige til å ta konsekvensen av.

Det er nødvendig å ta kvar tids spørsmål og kvar tids utfordringar på alvor når den rette tida er der. For tidene endrar seg, og brått er tida ikkje lenger rett. Det er flott at Den norske kyrkja tok opp utfordringane frå tiåret då tida var der og fekk gjort så mykje for kvinner som leiarar i kyrkja. Utfordringa må no vera at spørsmålet om likeverd mellom kvinne og mann i kyrkja ikkje blir borte i generelt arbeid med menneskesynet.

Konklusjon

Det økumeniske tiåret 1988-1998 Kyrkjer i solidaritet med kvinner har synleggjort kampen om menneskesynet rundt om i kyrkjene, eit menneskesyn med likeverd mellom kvinne og mann. Denne kampen om likeverdet har fleire nivå. Utskiljast kan eit teologisk, eit kyrkjepolitisk og eit sosialt nivå.

I Noreg illustrerer *Leiarutvikling for kvinner* desse nivåa. Samstundes finst det i kampen for menneskesynet eit glastak, både teologisk og alment. Kampen om menneskesynet har vunne fram kyrkjepolitisk og teologisk. Likevel står det att problem før dette menneskesynet blir heilt gjennomført i den sosiale kvardagen. Denne kampen mot glastaket, både det almenne og det teologiske glastaket, er eigentleg kjernen i problemet i norsk samanheng i dag.

Notar

1. Klassiske representantar som Catharina Halkes, Elisabeth Schüssler Fiorenza og Mary Grey kan nemnast.
2. *Ecumenical Decade Churches in Solidarity with Women 1988-1998*, WCC 1988, s.1-3. (Gul brosjyre)
3. *Living Letters. A Report of Visits to the Churches during the Ecumenical Decade - Churches in Solidarity with Women*, s.15f, 1997 WCC, Geneva.
4. *Rapport frå prosjektet «Leiarutvikling for kvinner» 1991-1995*, Kyrkjerådet 1997
5. Drake, I. og Solberg, G. (1995): *Kvinner og ledelse - gjennom glasstaket*, s.33, Tano, Oslo.
6. *Kirker i solidaritet med kvinner. Rapport fra Det økumeniske tiåret 1988-1998*, s.59, Kirkerådet 1999
7. *Sak 17 Kyrkjemøtet 1990*, s.58-64 i *Kirker i solidaritet med kvinner. Rapport fra Det økumeniske tiåret 1988-1998*. Kirkerådet 1999.
8. *Kyrkjemøtet (1990) sitt vedtak*, pkt. 2, s. 63 i *Kirker i solidaritet med kvinner. Rapport fra Det økumeniske tiåret 1988-1998*, Kirkerådet 1999.
9. Dette er drøfta i Gunvor Lande: *Kyrkje i solidaritet med kvinner?* Licensiat-avhandling, Lunds Universitet, 1999.
10. Perrow, C. "The Short and Glorious History of Organizational Theory", s. 41-48 i Morgan, G. (1989): *Organizational Theory. A Resourcebook*, SAGE, Newbury Park/London/ New Delhi.
11. Røvik, K.A. (1998): *Moderne organisasjoner. Trender i organisasjonstenkingen ved tusenårsskiftet*, Fagbokforlaget, Bergen.
12. For dei generelle fasane viser eg til Lundgren, E (1993): *Det får da være grenser for kjønn. Voldelig empiri og feministisk teori*. Universitetsforlaget, Oslo.
13. Dei nyttar i dette arbeidet Fiorenza, E.S (1983): *In Memory of Her. A Feminist Theological Reconstruction of Christian Origins*, SCM, London.
14. Eg viser som døme til: *The Economy and Us. The report of an Economic Literacy Workshop for Nairobi Church Women Leaders*, NCC Kenya, 1990
15. Drake, I. og Solberg, G. (1995): *Kvinner og ledelse - gjennom glasstaket*, s.20 f, Tano, Oslo.
16. For desse generelle utviklingslinene, sjå Conway, Martin: *Journeying Together Towards Jubilee*, WCC 1999, i hans oppsummering etter WCC's Generalforsamling i Harare 1998.

Gunvor Lande, f.1937, cand.theol. MF 1963, ordinert prest 1987, lic.theol. Lunds Universitet 1999. 1965-80 kyrkjeleg arbeid i Japan med undervising og forskning; 1980-1986 familiekonsulent IKO; 1986-1990 økumenisk konsulent i Mellomkyrkjeleg Råd og samstundes leiar av LVF's kvinnearbeid; 1990-1991 underviste i Women's Leadership, Selly Oak Colleges, Birmingham, England; 1991-93 Honorary Research Fellow Selly Oak og Stipendiat i KUF: Lederopplæringsrådet ; 1991-1995 prosjektleiar i Kyrkjerådet for Leiarutvikling for kvinner; frå 1993 førstelektor ved Høgskolen i Agder.

Med stipend frå Egede Instituttet skreiv *Den norske misjonærkona i Japan*, 1980. Div. publikasjonar og artiklar innan misjon, økumenikk, kvinneteologi og praktisk teologi.

The Ecumenical Decade - 1988-1998 - Churches in Solidarity with Women - development and national impact

The Ecumenical Decade - 1988-1998 - Churches in Solidarity with Women initiated by World Council of churches has had its impact on churches around the world. The vision behind the Decade was to renew the church by questioning the concept of human being, emphasizing the equality between women and men in Christ.

Using the Norwegian church as the main example, the article illustrates how this struggle for a renewed concept of human being was carried out, and also identifies social and theological barriers.

One might have expected the situation of women in the churches to improve drastically during a decade of this kind. Instead you see that the general concept of human being is being changed towards a more inclusive one. This may benefit the whole church, raising issues of concern for human dignity and value in general. But the focus is not particularly on the women of the churches.